

Referat frå styremøte nr. 1, 2014

Dato: 14.01.2014

Tid: 10.00 - 13.00

Stad: Ålesund Kunnskapspark, møterom Ørnetua

Til stades:

Frå styret:

Styreleiar Bjørn Sandnes, Haram kommune
Styremedlem Jarle Bjørn Hanken, Ålesund kommune
Styremedlem Geir Ove Vegsund, Sula kommune
Styremedlem Anders Riise, Hareid kommune

Frå administrasjonen:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal
Prosjektleiar Anne Mette Liavaag
Rådgivar Vegard Sperre Austnes

Forfall:

Styremedlem/nestleiar Arnulf Goksøyr, Herøy kommune
Styremedlem Kari Grindvik, Skodje kommune
Styremedlem Wenche Solheim, Ørsta kommune
Varamedlem Bjørn Inge Ruset, Norddal kommune
Varamedlem Eva Fjørtoft, Sandøy kommune
Varamedlem Geir Inge Lien, Vestnes kommune
Varamedlem Synnøve Vasstrand Synnes, Ørskog kommune

Referent:

Vegard Sperre Austnes

Referatdato:

15.01.2014

Sak 1/2014: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt

Ved styreleiar Bjørn Sandnes

Det var ingen merknader til innkallinga. Dagleg leiar hadde ei sak til eventuelt; møte med kommunal- og moderniseringsministeren 28. januar 2014.

Sak 2/2014: Godkjenning av referatet frå forrige styremøte (nr. 8 – 2013). Referatet følgjer vedlagt.

Ved styreleiar Bjørn Sandnes

Referatet frå møtet vart godkjent utan merknadar.

Sak 3/2014: Samfunnsutvikling Sunnmøre - vidareføring av prosjektet Sunnmøre i framtida

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal og prosjektleiar Anne Mette Liavaag

Dagleg leiar innleidde, og viste til at administrasjonen har utarbeidd eit notat som følgjer opp styret sitt vedtak i sak 58/2013 i møte nr. 7 – 2013. Styret vedtok der at administrasjonen skulle legge fram forslag til prosjektorganisering, handlingsplan og budsjett for prosjektet på neste styremøte.

Styret diskuterte punkt for punkt administrasjonen sitt framlegg til handlingsplan. Det vart sagt frå styret at eit mål for møtet er å prioritere kva som skal arbeidast vidare med i prosjektet.

Finansiering

Det var innleiingsvis i møtet spørsmål frå styret om økonomien i prosjektet i 2014. Dagleg leiar gjorde greie for den finansieringa som alt er på plass, og finansiering som det vert arbeidd med.

SR har i budsjettet for 2014 avsett midlar til prosjektleiar som skal syte for framdrifta. Prosjektleiar for Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK) i SR, Anne Mette Liavaag, er SR sin prosjektleiar for Samfunnsutvikling Sunnmøre i 2014.

Kartlegging/utgreiing

Prosjektleiaren viste til at foresight-rapporten Sunnmøre i framtida synleggjer ein del områder som prosjektet bør arbeide med. Styret meinte at ein bør bygge vidare på rapporten og ikkje prioritere å gjere ei ny kartlegging av innsatsområder for samfunnsutviklinga.

Samarbeidsavtalar

Prosjektleiaren sa at Sunnmøre i framtida er mer enn eit prosjekt, det er ein måte å arbeide på i regionen. Utvikling av sosial kapital (tillit og respekt) står sentralt.

Ho viste til at Sunnmøre i framtida er bakgrunnen for prosjektet. LUK-prosjektet har også drive fram ulike samfunnsutviklingsprosjekt, mellom anna Utviklingsarbeid og prosessleiing. Vidare har det vore gjennomført eit forprosjekt kalla Innovasjon som strategi med ekstern konsulent knytt til Ålesund Kunnskapspark AS (ÅKP).

Det vart nemnt at SR er i dialog med ÅKP og Møre og Romsdal fylkeskommune om samarbeidsavtalar. Gjennom samarbeid med ÅKP kan vi styrke dialogen med næringslivet. Frå styret vart det sagt at ein må kunne forvente at samarbeidspartnerane bidreg med å skaffe prosjektøkonomi.

Det kom innspel frå styret om å konsentrere seg om samarbeid med eit fåtal partnerar; ein bør konsentrere seg om dei ein har klarast tankar om å samarbeide med. Då vil det kunne skje noko.

Det vart også sagt at ein ikkje må bli for snever i samarbeidet, men involvere ulike typer næringar, til dømes møbel og reiseliv.

Sunnmørskonferanse

Prosjektleiaren kom med forslag om å arrangere ein Sunnmørskonferansen i 2014, med tema samfunnsutvikling på Sunnmøre. Det kom innspel frå styret om at det er veldig mange konferansar, og at ein bør vurdere ein halvdags konferanse. Alternativt må ein gå for ein stor, unik konferanse der ein gjerne får med seg medarrangørar. Styret ba om at Sunnmørskonferansen 2014 vert datofesta.

Kommunereforma

Prosjektleiaren viste til at prosjektet kan arbeide med korleis ein best kan møte kommunereforma. Det kom innspel frå styret om at kommunereforma lett kan bli oppfatta som eit storbyprosjekt der mindre kommunar tenkjer seg redde. Regionrådet må gå korrekt fram i forhold til kommunane i spørsmålet om dei vil delta i prosjektet eller om dei sjølv ønskjer å føre ein dialog med nabokommunane. Det vart sagt at SR kan vere ein møtearena for kommunane etter dagens bu- arbeidsmarknadsregionar. På ein slik arena vil ein kunne ha gode diskusjonar og prosessar om korleis ein skal møte reforma.

Bysatsing

Når det gjeld bysatsing, vart det i Sunnmøre i framtida arbeidd med eit prosjekt kalla Ålesund som lokomotiv. I tillegg har Møre og Romsdal fylkeskommune eit prosjekt som heiter Byen som regional motor. Sunnmøre i framtida – samfunnsutvikling Sunnmøre – kan her samarbeide med fylkeskommunen si satsing. Det kom innspel frå styret at det er viktig at randkommunane vert involvert i prosessane kring bystasing.

Kultursatsing

Kulturløft Sunnmøre er i regi av SR etablert med 5 kommunar. Prosjektet har fått 350.000 i LUK-midlar til eit prosjekt for å styrke det regionale kultursamarbeidet på Sunnmøre. Det kom innspel frå styret om å fokusere på kva ein må satse på for at ungdom skal trivast med kulturtilbodet på Sunnmøre.

Kompetanseutvikling

Når det gjeld kompetanseutvikling, viste prosjektleiaren til at rådmennene har bedt om ein studietur til Stavangerregionen. Styret var samd i at administrasjonen arbeider for å få til ein slik tur.

Regional næringsplan

Regionrådet har motteke tilsegn frå MR fylke (LUK-midlar) på kr. 150.000 til å forankre arbeidet med ein regional, strategisk næringsplan. Prosjektleiaren kom med forslag om å undersøkje kva erfaringa ein har gjort i Stavangerregionen i forhold til strategisk næringsplan. Styret tok til orde for å tone ned arbeidet med regional næringsplan, i alle fall til etter at ein har fått avklara kva erfaringar ein har gjort i Stavangerregionen.

Samferdsel

Når det gjeld samferdsel, kom det innspel frå styret om at regionrådet må ta ei synleg rolle etter at fjordkryssingane er avklara. Vidare vart det vist til at samferdsel er svært viktig for næringslivet.

Frå styret vart det sagt at regionrådet må ha eit aktivt forhold til konkurransen om samferdelsmidlar i Midt-Norge. Det kom forslag om å ha ei eiga prosjektgruppe i regionrådet som arbeider med samferdsel. Ferjer, mjuke trafikantar og kollektivløysingar vart nemnt som viktige områder innan samferdsel. Styret ba om at arbeidet med samferdsel vart prioritert i prosjektet.

Rekruttering og omdømmebygging

Når det gjeld rekruttering og omdømmebygging, reiste prosjektleiar spørsmålet om ein skal vidareføre det tidlegare prosjektet *Verdas beste Sunnmøre*. Det vart ikkje konkludert på dette i styret, og spørsmålet vert å kome tilbake til.

Arena Sunnmøre

Ved revisjon av strategien til SR har styret tidlegare gått inn for at Arena Sunnmøre skal vere eit møte mellom formannskapa og ikkje kommunestyra. Hensikta med Arena Sunnmøre er å styrke dialogen mellom kommunane og drøfte aktuelle saker. Det kom innspel frå styret om at Sunnmørskonferansen og Arena Sunnmøre kan kombinerast.

Framlegg til vedtak frå administrasjonen: «Styret vedtek førebels prosjektorganisering, handlingsplan og budsjett for Samfunnsutvikling på Sunnmøre slik det går fram av notatet frå administrasjonen.»

Framlegg til vedtak frå styremedlem Jarle Bjørn Hanken: «Styret ber administrasjonen om å arbeide vidare med forslag til prosjektorganisering/handlingsplan og budsjett med sikte på ytterligere spissing og konkretisering av tiltak og vidare klargjering av moglege finansiering.

Eit bearbeida forslag blir sendt til uttale i rådmannsmøtet før behandling i styret og representantskapet.»

Vedtak: Framlegget frå Jarle Bjørn Hanken vart samrøystes vedteke.

Sak 4/2014: Orientering om «Tenketank hos Fylkesmannen med tema kommunestruktur»

Ved styreleiar Bjørn Sandnes

Styreleiar Bjørn Sandnes orienterte om at Fylkesmannen i Møre og Romsdal inviterte regionråda i fylket samt KS Møre og Romsdal til «Tenketank» vedkomande kommunereforma 3. januar 2014. Fylkesmannen har invitert til nytt møte 2. april 2014.

Dagleg leiar orienterte om avtale med politisk rådgivar Rikke Sjøberg i Kommunal- og moderniseringsdepartementet for å klargjere rammene for møtet med ministaren 28. januar 2014. Han kom med forslag om at møtet kan vere eit møte som er ope for fleire enn medlemskommunane. Styret var samd i at ein i tillegg til ordførarar og rådmenn i medlemskommunane også inviterar fylkesordføraren, fylkesrådmannen, fylkesmannen og assisterande fylkesmann til møtet.

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak: «Styret tek orienteringa til vitande.»

Framlegg til vedtak frå styreleiar Bjørn Sandnes: «Styret har gjennom sak 3/2014, Samfunnsutvikling på Sunnmøre, beslutta at SR skal ha ei offensiv rolle i den varsla kommunereforma. Styret ber administrasjonen arbeide med ein modell for korleis dette arbeidet kan organiserast. Skisse blir å legge fram til styremøte 21.02 og representantskapsmøte 28.03.2014.»

Vedtak: Styreleiar Bjørn Sandnes sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Sak 5/2014: Møteplan 2014

Ved styreleiar Bjørn Sandnes

Administrasjonen har utarbeidd eit forslag til møteplan for 2014 som følgjer vedlagt. Det er lagt opp til 8 styremøter i 2014.

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak: Styret vedtek møteplanen for styremøter i 2014 slik den ligg føre.

Vedtak: Styret vedtek møteplanen for 2014 med følgjande endringar: styremøte 21. februar vert endra til 28. februar. Styremøte 21. mars vert endra til 20. mars.

Sak 6/2015: Status Sunnmøre sonings- og kompetansesenter

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal og prosjektleiar Anne Mette Liavaag

SR presenterte planane for Sunnmøre sonings- og kompetansesenter for Justis og beredskapsdepartementet (JBD) 26.11.13.

Anne Mette Liavaag orienterte om møte med statssekretæren statssekretær Vidar Brein-Karlsen. Regjeringa har starta ein prosess med ein nasjonal gjennomgang av behovet for nye fengsel. I ein slik prosess vil det vere viktig med offensiv politisk lobbyverksemd.

I etterkant av møtet med JBD har regionrådet vore i kontakt med Vestlandsrådet ved fylkesordfører Jon Aasen i Møre og Romsdal. Aasen er positiv til at planene vert lagt fram for Vestlandsrådet i februar. Vestlandsrådet har på handlingsplan sin å arbeide for fleire statlege arbeidsplassar.

Det bør også arbeidast med å skape konsensus om Sunnmøre sonings- og kompetansesenter innad i fylket. Kommunane i Romsdal jobber aktivt politisk for utbygging av Hustad fengsel. Ei slik utbygging er ikkje prioritert fagleg i Kriminalomsorgen region Vest.

Vedtak: Styret tek orienteringa til vitande.